

Onsdag vart den årlege TINE-stafetten avvikla. Rosendal ungdomsskule reiste til Odda og deltok med lag både i 8. og 9.klasse. Til saman stilte dei med fem lag, og den imponerende innsatsen vart toppa ved at skulen stod att som vinnarar i begge desse klassane.



Ida Røssland på 9 sitt vinnerlag (Foto: Silje Bråtun)

TINE-stafetten er eit årvisst og landsomfattande arrangement. I år vart det sett ny rekord med 99 000 deltakarar fordelt på 213 arenaer landet rundt. 61% av alle barne- og ungdomsskular deltok dette året, og det vart tilbakelagt ein strekning på 1980 mil, eller halvvegs rundt jorda.

Kvart av laga er samansett av 10 løparar, 5 av kvart kjønn. Dei spring 8 etappar som kvar er 200m. I tillegg skal kvart lag ha ein gut og ei jente som reserve.



Dag rune og Margareth ( Margareth va reserve) (Foto: Silje Bråtun)

I Odda var konkurransen hardare enn tidlegare år då Husnes ungdomsskule som tidlegare har reist til Stord, denne gongen valde å reisa til Odda. Sjølv om konkurransen var skjerpa, forhindra det ikkje rosendalselevane å gjera storeslem. I 8. klasse stilte dei med tre lag, og kunne reisa heim med første, åttande og tiande plass av 13 deltakarlag.. I 9. klasse, der dei stilte med to lag, tok dei og heim sigeren medan andrelaget vart nummer 6. Det var 6 lag som deltok i denne klassen.



Jostein Sandvik veksler med Julie Myklebust (Foto: Silje Bråtun)

Uskedelingane markerte seg positivt på dei ulike laga. Ida Røssland sprang for vinnarlaget i 9. klasse medan Anette Sandnes og Karsten Tungesvik utgjorde uskedalsinnsleget på 8. klassevinnarane. I tillegg var Aleksander Rebaudo, Julie G. Myklebust, Birgitte Hjelmeland, Ingvill T. Sture, Benjamin Taranger, Silje Bråtun, Torbjørn Steinsvik, Ingeborg H. Lunde, Dag Rune Myklebust og Margareth Sæle(reserve) med på dei andre laga i stafetten. Imponerende at så mange kvalifiserte seg til plass på laga.

Alle deltakarane fekk utdelt t-skjorte som var laga i samband med arrangementet.

Fullstendig resultatliste er å finna på: <http://www.tinestafetten.no/page?id=10&key=7333>